



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 04.12.2018
Tid: 12:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentlig ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.

Jørgen Amdam
ordfører

Saksnr	Sak	
PS 190/18	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 191/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte	
OS 185/18	Presentasjon av mogeligheitsstudiet for Volda ungdomsskule	
PS 192/18	Søknad om nedsetting/fritak frå eigedomsskatt – unnateke offentlegheit offl. § 13	
PS 193/18	Leigeregulativ kommunale bygg 2019	
PS 194/18	Orienteringssaker	
OS 186/18	Sal av modulbrakker - utfyllande informasjon om prosessen	
OS 187/18	Innmelding av ny representant for styret i SSIKT frå Volda kommune	
OS 188/18	Midlar frå næringsfondet " Å skape arbeidsplassar i Volda "	
OS 189/18	Søknad frå Symfoniorkesteret . Vedtak i tenesteutval for oppvekst og kultur 21.11.2018	
OS 190/18	Brev til Møre og Romsdals fylkeskommune frå Rovde grendalag, Lauvstad og Velsvik grendautval og Dravlausbygda og Innselset grendalag vedrøadande takstauke på ferga Volda - Lauvstad - Folkemøte på Lauvstad	
OS 191/18	Ulstein kommune - uttale til E39, Voldatunnelen - Finansiering	

PS 190/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 191/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

OS 185/18 Presentasjon av mogeligheitsstudiet for Volda ungdomsskule



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Kjell Magne Rindal	Arkivsak nr.:	2014/2077
		Arkivkode:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
193/18	Formannskapet Kommunestyret	04.12.2018

LEIGEREGULATIV FOR KOMMUNALE BYGG FRÅ 2019 →

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vedtek å godkjenne vedlagte leigeregulativ for kommunale bygg i Volda kommune, datert 28.11.2018. Framlegg til nye leigesatsar gjeld frå 01.01.2019.

Saksopplysningar/fakta:

Vedlagt ligg sist vedtatt regulativ for leige, datert 18.11.2016. Dette regulativet er utgangspunkt for nytt regulativ. Nytt regulativ har tatt inn utleige ved Øyra skule på lik måte med Samfunnshuset, i tillegg til ordinære utleigeareal. Leigeregulativet har justerte satsar.

Vurdering og konklusjon:

Alle kostnader skal synleggjerast, og kommunen bør ha eit system der leigetakar av kommunale lokale betalar noko for å få dekt opp av kostnader med bruken. I regulativet er det lagt opp til ei differensiering for å ivareta omsyn til ideelle interesser. Aktivitet for barn og unge betalar ikkje leige fram til 18 år.

I samband med arbeid kring ny Voldahall er det ikkje lagt til grunn regulering av leige til lag/organisasjonar. MRFK har fast index justering på leige. Det er eit ynskje frå idretten at det blir utført reinhald på laurdagar framover. Kommunen kan utføre dette, men vil då måtte fakturere lag/organisasjonar som har arrangement. Det blir likt fordelt på den som har laurdag og den som har søndag. Satsar for dette er innarbeida i leigeregulativ.

I høve KOSTRA og korrekt synleggjering av kostnader med lokale til lag og organisasjonar mv., så vil alternativ til leige vere at ev gratis bruk skal dekkjast opp ved løyving på kommunebudsjettet som internhusleige som synleggjer kostnadene med bruken av lokala til ulike lagsaktivitetar.

Rådmannen rår til at vedlagte forslag til leigeregulativ vert godkjent.

Rune Sjurgard
Rådmann

Kjell Magne Rindal
eigedomssjef



LEIGEREGULATIV KOMMUNALE BYGG FRÅ 2019 →

Samfunnshuset og Øyra skule:

Kinosal og storamfi Øyra:

Utleige utan billettsal (møter, konferansar og liknande)	Kr 1.700
Utleige inntektsgjevande tilstellingar	Kr 3.300
Bryllaup, slektstreff, konfirmasjon og liknande (Samfunnshuset)	Kr 4.200
Teateret Vårt	Kr 3.700
Utleige til ikkje lokale aktørar (profesjonelle)	Kr 4.300 + 10% av inntekter
Avlysing av kinoframvising (Samfunnshuset)	Kr 4.500

Salong m/anretning/miniamfi Øyra:

Utleige kvardagar	Kr 900
-------------------	--------

Sal 1 et./kantine Øyra:

Konfirmasjon, barnedåpar, bryllaup, o.l. (inntil 2 dagar)	Kr 3.200
Utleige kvardagar utan kjøkken	Kr 1.200
Alle kommunale møter/konferansar og liknande	Kr 0
Omførselhandel (berre sal 1 et. Samfunnshuset)	Kr 5.800

Kjøkken:

Leige av kjøkken, aleine eller tilknytning til andre leigeforhold	Kr 1000
---	---------

Lokale i skular/barnehage/andre kommunale bygg:

		Timepris:
Kategori A	Klasserom/grupperom/møterom o.l. inntil 150m ²	Kr 250
Kategori B	Gymsalar, bruk av vaksne. Alle grupper (over 18 år)**	Kr 250
Kategori C	Spesialrom (enkeltrom som t.d. sløydsal)	Kr 300
Kategori D	Svømmebasseng	Kr 400

** Kommersielle aktørar betalar for alle aldersgrupper.

Aktivitet for born og unge skal fremjast, slik aktivitet knytt til registrerte frivillige idrettslag/organisasjonar betalar ikkje leige for rom i skular/barnehagar fram til 18 år. Dette med unntak av symjebasseng. All anna aktivitet betalar for bruk av kommunale lokale etter gjeldande satsar i leigeregulativ. Øvingar på vekedagar i storamfi Øyra, følgjer satsar for lokale kategori C, tilstellingar/arrangement følgjer elles det normale leigeregulativ.

Reinhold laurdag Voldahallen:

Ekstra reinhold laurdagar i Voldahallen

Kr 2.500

Satsar for utrykking av byggvakt:

Dersom byggvakt på grunn av leigetakers forhold må tilkallast, fakturerast leigetakar for oppmøte. Det same gjelder dersom leigeforholdet medfører auka reinholdskostnadar (manglande rydding, fjerning av boss, etc).

Pris for frammøte byggvakt pr. gong	Kvardagar	Helg
	Kr 1000	Kr 1.200
Pris reinhold pr. starta time	Kr 600	Kr 900

Volda 28.11.2018

Kjell-Magne Rindal
eigedomssjef



LEIGEREGULATIV KOMMUNALE BYGG FOR 2017

Samfunnshuset:

Kinosal/Storsal:

Utleige utan billettsal (møter, konferansar og liknande)	Kr 1.600
Utleige inntektsgjevande tilstellingar	Kr 3.200
Bryllaup, slektstreff, konfirmasjon og liknande utan kjøkken	Kr 4.100
Teateret Vårt	Kr 3.600
Utleige til ikkje lokale aktørar (profesjonelle) av inntekter	Kr 4.200 + 10%
Avlysing av kinoframvising	Kr 4.200

Salong m/anretning:

Utleige kvardagar (ungdomsklubb har forrang)	Kr 800
--	--------

Sal 1 et.:

Konfirmasjon, barsedåpar, bryllaup, o.l. (inntil 2 dagar)	Kr 3.000
Utleige kvardagar utan kjøkken	Kr 1.100
Alle kommunale møter/konferansar og liknande	Kr 0
Omførselhandel (berre sal 1 et.)	Kr 5.500

Kjøkken:

Leige av kjøkken, aleine eller tilknytning til andre leigeforhold	Kr 900
---	--------

Lokale i skular/barnehage/andre kommunale bygg:

		Timepris:
Kategori A	Klasserom/grupperom/møterom o.l. inntil 150m ²	Kr 200
Kategori B	Gymsalar, bruk av vaksne. Alle grupper (over 18 år)**	Kr 200
Kategori C	Spesialrom (kjøkken, SFO, Aula, handarbeidsrom)	Kr 250
Kategori D	Svømmebasseng	Kr 350

** Kommersielle aktørar betalar for alle aldersgrupper.

Fysisk aktivitet for born skal fremjast, slik aktivitet knytt til registrerte frivillige idrettslag/organisasjonar betalar ikkje leige for rom i skular/barnehagar fram til 18 år. Dette med unntak av symjebasseng.

Reinhold laurdag Voldahallen:

Ekstra reinhold laurdagar i Voldahallen

Kr 2.500

Satsar for utrykking av personell:

Dersom driftsteknikar på grunn av leigetakars forhold må tilkallast, fakturerast leigetakar for oppmøte. Det same gjelder dersom leigeforholdet medfører auka reinholdskostnadar (manglande rydding, fjerning av boss, e.t.c).

Pris for frammøte driftsteknikar pr. gong	Kvardagar Kr 900	Helg Kr 1.200
Pris reinhold pr. påstarta time	Kr 600	Kr 900

Volda 18.11.2015
Kjell-Magne Rindal
eigedomssjef

PS 194/18 Orienteringssaker



NOTAT

Interne mottakarar:

Volda Formannskap

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2017/1588	16481/2018	611	EIG/SIRSOL	28.11.2018

SAL AV MODULBRAKKER - UTFYLLANDE INFORMASJON OM PROSESSEN

Viser til behandling av notat om sal av bustadbrakker i formannsskapet 27.11.18. Formannsskapet ynskja å ha utgreidd ei sak om plassering av brakkene, til dømes med plassering i bygdene.

Gjennom prosessen som har vore tidlegare for plasseringa av modulane, har det vore gjort vurderingar både av plassering sentralt i Volda og i bygdene i kommunen. I prosessen har eigedomsavdelinga hatt tverrfagleg samarbeid både med sektor for utvikling og sektor for helse og omsorg. Gjennom fleire møter har ulike plasseringar vore diskutert og sjekka ut, utan at ein har klart å finne egna tomt der ein ikkje må søkje dispensasjon, eller der modulane ikkje blir plassert i eit område som er i utvikling der varigheita av plasseringa er høgst usikker.

Modulane har vore tiltenkt som akuttbustad, og den klare tilbakemeldinga frå Helse er at ei plassering på bygda ikkje er ynskjeleg til dette føremålet. Dette er både med tanke på bebuaren sin tilgang til ulike tenestar, og med tanke på avstand til den tenesta som skal følgje opp bebuaren/bebuarane. Det er vidare vurdert om modulane kan dekke andre behov enn akuttbustad, men for dei andre behova som har blitt vurdert som aktuelle, har det vore naudsynt med ei plassering i sentrum. Det presiserast også at modulane har ein størrelse på ca. 57 m² og er utforma med eit soverom, og den er dermed ikkje egna for ein familie.

På grunn av at fylkesmannen no har oppheva løyvet om midlertidig lagring på den plassen modulane står i dag, hastar det med å bestemme prosessen vidare. Dersom det skal gjennomførast ein ny prosess med vidare vurdering av tomt og bruk av modulane, må det anten søkjast på nytt om midlertidig lagring på tomta, eller så må modulane flyttast til ny midlertidig lagring. På grunn av klager og tilbakemeldingar frå naboane på plasseringa modulane har i dag, blir det vurdert som lite ynskjeleg å søkje om vidare lagring av modulane her. Dersom ein ser på kostnadane for å få flytta modulane til ny midlertidig lagring, for så å flytte dei vidare til permanent plassering når denne er avklart, er desse vurdert til å vere for høge sett i samband med restverden bygningsmassen har. Administrasjonen ynskjer at tilrådinga blir vurdert på nytt ut i frå desse tilleggsopplysningane.



NOTAT

Interne mottakarar:

Volda Formannskap

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2017/1588	15922/2018	30/335	KTA/RUNTOT	16.11.2018

SALG AV MODULBRAKKER

Volda kommune nytter i dag brakker som bustad ved Myrtun på Rotset. To brakker utgjer ein bustad. Dette er to brakker som er flytta frå tomta til gamle gymnaset. Ved gamle gymnaset var det 4 brakker. Dei to andre er lagra på kommunal grunn ved Granheim. Her har der vore mykje protester kring plassering av desse brakkene. Naboane har klaga plasseringa inn til fylkesmannen og fått medhald. Desse to brakkene har vi vurdert å sette på tomta til Haslevegen 3, ved omsorgssenteret, og klargjere dei som midlertidig husvære. Problemet er at vi då må fjerne/rive to boder på tomta, bodene står som kjent i SEFAC registeret. Sektor for Utvikling kan gi løyve til riving, men fylket har anbefalt å ikkje rive desse bygga. Da vil vi risikere at eit riveløyve kan drage ut i tid, medan vi må fjerne brakkene frå Granheim snarast råd. Det beste er å rive desse bygga og nytte tomta når ny arealplan er vedteken, slik at vi sikrar heilheit på tomta. Det vert i tilfelle nok ei kostbar flytting og mellomlagring.

Administrasjonen ser det som best tenleg løysing å selje desse to brakkene. Det vil vera meir kostnadseffektivt å etablere midlertidig bustad innanfor eit bygg som kommuna rår over, enn å leggje kostnader i eit midlertidig tiltak for brakkene. Hadde vi hatt ei fast og godkjent tomt å setje brakkene på, hadde saka vore annleis.

Ein foreslår at ein heller finn ei anna løysing. Eit alternativ kan vere å tilpasse 1. etg. i Haslevegen 3, som akuttbustad. Eit anna alternativ kan vere å kjøpe ein bustad eller leilegheit til formålet.

Problemstillinga knytt til brakkene handlar om korleis vi skal unngå unødvendige kostnader utan å få ei fullgod løysing. I eit større perspektiv handar dette om ein heilskapleg bustadpolitikk, og korleis kommunen skal utvikle det bustadsosiale tenestetilbodet. Dette må ein kome attende til ei ein eigen tverrfagleg prosess.

Der er restmidlar på løyvinga for etablering av bustadmodular på Rotset på ca 2 millionar. Desse restmidlane kan nyttast vert nytta til å klargere for midlertidig akuttbustad i lokale som Volda kommune eig, ev kjøpe ein bustad/leilegheit. Dette vert det lagt fram ei eiga sak om.

Formålet med notatet no er å informere og forankre at kommunen sel dei to nemnde brakkene.

Med helsing

Rune Sjurgard
Rådmann

Rune Totland
teknisk sjef

Fra: Rune Sjurgard[Rune.Sjurgard@volda.kommune.no]

Sendt: 23.11.2018 11:35:44

Til: Guttorm Rimstad; Postmottak Volda

Kopi: Ragnhild Velsvik Berge; Wenche Solheim; Lena Landsverk Sande; Arnulf Goksøyr; Dag Vaagen; Knut Erik Engh; Jørgen Amdam; Asbjørn Moltudal; 'Jostein Støylen'; Paul Ottar Tornes

Tittel: Innmelding av ny representant for styret i SSIKT frå Volda kommune

Hei!

Gjeldande vedtekter § 5 seier følgjande om styrepresentasjon, jfr pkt 1:

«Styret skal bestå av eitt medlem frå kvar av deltakarkommunane. Styremedlem frå den enkelte kommunen skal vere rådmannen eller den rådmannen utpeikar.»

Tidlegare styreleiar innhenta ei juridisk vurdering av habilitet når rådmenn vert oppnemnt som styrerepresentant i § 27-samarbeid, jfr vedlegg. Ut frå denne har eg vurdert at eg vert inhabil når saker frå SSIKT skal handsamast i Volda kommune når eg samtidig er styremedlem i samarbeidet.

Det kan vere tenleg at rådmennene er tett på IKT-drifta, men samtidig vert det uheldig når rådmennene vert inhabile til å leggje fram saker for dei politiske organa i kommunen. Etter kommunelova kan rådmannen la seg representere ved andre tilsette i administrasjonen, og i samsvar med vedtektene oppnemner/utpeikar eg Asbjørn Moltudal til å vere Volda kommune sin representant i styret.

Vedtektene er under revisjon, og kommunestyret i Volda vil på bakgrunn av vedtektsendingane vurdere om det da skal vere annan representasjon frå Volda.



Rune Sjurgard

Rådmann

Rådmann

Mobil 90053752

www.volda.kommune.no



Til: Vanylven kommune v/ rådmannen

Fra: Advokat Reidar Andresen

Ålesund, 05.09.2018
Ansvarlig advokat: Reidar Andresen
Vår ref.:16-10009

NOTAT VEDR. SPØRSMÅL OM HABILITET

1. Sakens bakgrunn/ faktiske side

Det interkommunale selskapet SSIKT skal fremlegge sak om endring av vedtekter for politisk behandling i sine eierkommuner. Styret i SSIKT er sammensatt av de enkelte rådmennene i de kommunene selskapet er eid av.

Spørsmålet som tas opp til vurdering er hvorvidt rådmennene som er styremedlemmer i SSIKT kan utrede og legge frem forslag om vedtaksendringer i den enkelte kommune i egenskap av å være rådmann, og senere ta stilling til det samme forslaget som styremedlemmer.

2. Sakens rettslige side

Som vel kjent reguleres habilitet i forvaltningen hovedsakelig i forvaltningsloven, likevel slik at det gjelder enkelte særregler for kommunale organ. Lov om interkommunale selskaper § 15 viser til kommuneloven § 40 nr. 3 hva gjelder spørsmål omkring habilitet. Følgende står i bestemmelsen nr. 3 bokstav b):

b.

«Kommunalt og fylkeskommunalt ansatte som i denne egenskap har medvirket ved tilretteleggelsen av grunnlaget for en avgjørelse, eller ved tidligere avgjørelse i samme sak, skal alltid anses som inhabile når saken behandles i folkevalgt organ. Ved behandling av årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplan, regional planstrategi og regional plan gjelder ikke første punktum.»

Rådmannen er en kommunalt ansatt – og slik bestemmelsen lyder er det også i forbindelse med denne stillingen at vedkommende er en del av styret til SSIKT. På den annen side kan det problematiseres hva som ligger i vilkåret «som i denne egenskap». SSIKT er på en måte adskilt fra øvrige kommunale oppgaver i den forstand at det dreier seg hovedsakelig om IKT. Av den grunn kan det spørres om dette samarbeidet er såpass separat fra andre kommunale oppgaver at det ikke ville stride mot habilitetsreglene å bistå også i forberedelsen av saken.

For øvrig kommer også forvaltningslovens regler om inhabilitet til anvendelse ved bruk av kommuneloven, jf. koml. § 40 nr. 3.

Det heter i fvl. § 6 bokstav e) nr. 2:

En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse til å treffe avgjørelse i en forvaltningssak (...) når han leder eller har ledende stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for (...) et selskap som er part i saken. Dette gjelder likevel ikke for person som utfører tjeneste eller arbeid for et selskap som er fullt ut offentlig eid og dette



selskapet, alene eller sammen med andre tilsvarende selskaper eller det offentlige, fullt ut eier selskapet som er part i saken.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i veilederen *Habilitet i kommuner og fylkeskommuner* fra 2011 redegjort for habilitetsregler i forvaltningsloven og kommuneloven. På side 22 presiseres det hva som gjelder for forvaltningsloven (heretter fvl.) § 6 første ledd bokstav e):

«inhabilitet inntre automatisk for en tjenestemann eller folkevalgt som også er leder eller medlem av styre eller bedriftsforsamling i offentlig heleide selskaper, når saker hvor selskapet er part skal behandles i folkevalgte organer eller administrasjonen i kommunen.»

Videre uttales det på side 22:

«Hovedbegrunnelsen for lovendringen er å bidra til større klarhet om hvilke roller en tjenestemann og folkevalgt utøver i en bestemt situasjon, når vedkommende også er leder, styremedlem eller medlem av bedriftsforsamlingen i et offentlig heleid selskap. Klarhet med hensyn til hvilke interesser en person representerer i en gitt situasjon, vil bidra til å redusere risikoen for uheldige rollekombinasjoner. Regelendringen skal ikke bare hindre interessekonflikter, men også bidra til å vise utad at det er ryddige og klare ansvarsforhold internt.»

Det er også presisert hva som omfattes av fvl. § 6 første ledd bokstav e) på side 24:

«Folkevalgte eller ansatte i kommunen som er «leder» eller har «ledende stilling i» selskapet omfattes av regelen. Her siktes det til den øverste lederen eller de som deltar i den daglige ledelsen av selskapet.»

«Med «selskap» siktes det til enhver selskapsdannelse som er et eget rettssubjekt. De selskapstypene som er særlig aktuelle i kommunesektoren er interkommunale selskaper og aksjeselskaper. I tillegg kan interkommunale styre i henhold til kommuneloven § 27 som er selvstendige rettssubjekter falle inn under selskapsbegrepet.»

Videre på side 26 blir det redegjort for når et selskap kan anses å være part:

«Departementet legger også til grunn at selskapet vil ha partsstatus ved kommunal behandling av selskapsavtale og selskapsvedtekter (eventuell revidering av disse).»

Min vurdering er således at de aktuelle rådmenn bør fratre som ansvarlig saksbehandler når saken om vedtektsendring skal behandles i den enkelte kommune og at saksfremstillingen bør skrives av en «settekommune»/ «setterådmann».

Med vennlig hilsen
Advokatfirmaet JUDICIA DA


Reidar Andresen
Advokat/partner



Annvor Ullaland
Ørstavegen 10
6102 VOLDA

MELDING OM DELEGERT VEDTAK

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2018/1888
Delegert vedtak:	Delegert frå kommunestyret	Arkivkode:	243
Vedtaksnr.:	13/18	Vedtaksdato:	27.11.2018

MIDLAR FRÅ NÆRINGSFONDET " Å SKAPE ARBEIDSPASSAR I VOLDA "

Saka er handsama etter delegert mynde, og det er gjort slikt **vedtak**:

Det vert synt til søknad frå Annvor Ullaland d.s.04.10.2018 om støtte til pilotprosjekt «Å skape arbeidsplasser i Volda». Volda kommune finn med bakgrunn i saksutgreiinga under ikkje å kunne imøtekomme søknaden.

Vedleggsliste:

1. Søknad frå Annvor Ullaland d.s.04.10.2018 om støtte til pilotprosjekt «Å skape arbeidsplasser i Volda»

Uprenta saksvedlegg:

Ingen

Samandrag av saka:

Annvor Ullaland søker i skriv d.s. 04.10.2018 om støtte til pilotprosjekt «Å skape arbeidsplasser i Volda»

Rådmannen tilrår at løyving frå Næringsfondet/kraftfondet ikkje vert imøtekomen

Saksopplysningar/fakta:

Annvor Ullaland søker i skriv d.s. 04.10.2018 om støtte til pilotprosjekt «Å skape arbeidsplasser i Volda»

Om innhaldet i søknaden syner eg til vedlagde skriv.

Det går fram av søknaden at det er tenkt at prosjektet skal «forankres lokalt, og vil trenge startmidler kr. 400 000,- fordelt på to år....

Pilotprosjektet må utvikles helt fra starten uten noen form for oppskrift eller referanseprosjekt, hvor formålet er å øke sysselsettingen for kvinner og ungdom i Volda. Når pilotprosjektet er forankret i Volda kommune vil det gi muligheter for finansiering i andre støtteordninger for å fullfinansiere prosjektet.»

Det vert vidare lagt til grunn frå søkjaren si side at ho vil nytte eigen metode og kompetanse, ho ynskjer seg ei regional rolle, med lokal forankring. Søkjaren vil og «jobbe opp i mot Næringsdepartementet», og det vert i søknaden synt til dialog både med næringsdeptet og Fylkeskommunen.

Det vert søkt om kr. 200.000,- for kvart av åra 2019 og 2020

Vurdering og konklusjon:

Etter vedtektene for kraftfondet skal fondet etter §2 i hovudsak nyttast til næringsføremål.

Prosjekt som kan føre til auke sysselsetting for kvinner og ungdom bør prioriterast. Såleis er målgruppa for søknaden innanfor rammene for bruk av kraftfondet.

Det kan ikkje gjevast støtte til sanering av gjeld eller til den løpande drift av verksemder eller kommunen.

Når det gjeld vilkår går det fram av §4 i vedtektene at samla støtte frå fondet til private nærings tiltak skal som hovudregel ikkje overstige 50 % av den totale kapitaltrongen for eit prosjekt. Ved prosjekt som er særleg viktige for kvinner og ungdom og ved nytetableringar, kan det gjevast inntil 75 % støtte. Støtta (tilskot og eventuelt subsidieelement i lån med nedsett rente) skal maksimalt vere avgrensa innanfor ei maksimumsgrense på kr. 400.000,- til eit og same føremål i ei og same bedrift i ei treårsperiode.

Det aller meste av den årlege løyvinga av kraftfondet vert fordelt i samband med kommunen si budsjetthandsaming og vert såleis prioritert av kommunestyret.

Når det gjeld denne søknaden har den ikkje nådd opp i prioriteringa av fleire årsaker. Slik søknaden framstår vert det søkt om fullfinansiering av prosjektleiing innanfor makssummen for tildeling, kr. 400.000,- fordelt over 2 år. Ei så stor løyving av kraftfondet til dette prosjektet, som i tillegg manglar forankring i kommunen vil gå utover privatorganiserte nærings tiltak og aktivitetar som kommunestyret har prioritert, og som vert finansiert av kraftfondet. I tillegg vil omsøkt sum slik ein ser det utgjere meir en 50% (evt.75%) av den totale kapitaltrongen for prosjektet, og såleis vere i strid med vedtektene.

Det går fram av søknaden at «*Pilotprosjektet må utvikles helt fra starten uten noen form for oppskrift eller Referanseprosjekt*». Utan nokon konkret målsetting med prosjektet, prosjektplan eller samarbeidspartnarar framstår søknaden og prosjektet også uferdig og uklårt for rådmannen og det vil såleis vere vanskeleg å prioritere denne søknaden. Eg minner her også om at rådmannen i mail til søkjaren 26.09.2018 etterlyser konkretisering av søknaden og at det vert synt til evt. samarbeidspartnarar.

Søkjaren uttrykkjer eit sterkt engasjement for å utfordre myndigheitene sitt virkemiddelapparat for næringsetablering. Dette kan det kanskje vere behov for. Samtidig er

dette noko som høyrer heime på den politiske arenaen og fell ikkje inn under formålet for bruk av kommunen sitt næringsfond.

Med bakgrunn i ovannemnde kan rådmannen ikkje tilrå at søknaden vert imøtekommen.

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak, med klagerett i samsvar med forvaltningslova kap. 6.

Volda, 27.11.2018

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
assisterande rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift med vedlegg og informasjon om klagerett til:
Annvor Ullaland

Volda kommune v/Ass. Rådmann Asbjørn Moltudal

Søknad om midler til prosjekt «Å skape arbeidsplasser i Volda»

Jeg har utarbeidet prosjektrapporten «**Finansieringssystem som grunnlag før oppstart av en virksomhet**» som kan sees som et innspill med løsningsforslag. Prosjektrapporten min har forsknings- og innovasjonsavdelingen i Nærings- og fiskeridepartementet tatt med i sitt videre arbeid for å tilrettelegge for gründere i en oppstartsfase. Bakgrunnen for mitt engasjement er at jeg startet virksomheten min HR-rådgiver Annvor Ullaland 1.1.2017, og kan som gründer med erfaring fra nylig etablering gi konstruktive tilbakemeldinger.

Segmentet for «å skape arbeidsplasser» mangler grunnleggende rettigheter og status. Resultatet av manglende system er at ressurssterke mennesker blir stående i NAV-køen for å ha penger til å overleve. De geografiske forholdene i Møre og Romsdal med nye kommuner vil gjøre at utfordringene vil være annerledes i Volda enn på ytre med fokus på hav-rommet. En ny virksomhet vil ha svært begrenset tilgang på kapital i en oppstartsfase, og midler og støtteordninger passer kanskje ikke til ens egen forretningsmodell, og banklån og ev. investorer kommer lengre frem i tid pga. høy risiko for utlånerne. Justering av forretningsmodeller underveis hører med i segmentet for «å skape arbeidsplasser», derfor er lange søknadsprosesser uheldig i en oppstartsprosess.

Å knytte Næringsfondet (Kraftfondet) i Volda kommune som har som formål å øke sysselsettingen for kvinner og ungdom i Volda til pilotprosjektet «Å skape arbeidsplasser i Volda» vil være i tråd vedtekter og intensjonen for næringsfondet (kraftfondet). Jeg benytter min metode og kompetanse, og ønsker meg en regional rolle, med lokal forankring, og hvor det å jobbe opp i mot Næringsdepartementet vil være en naturlig del av mitt arbeid. Det vil også være naturlig at jeg er prosjektleder.

Den sentrale politikken må forankres og implementeres i fylke- og lokalpolitikken ved den nye Regionreformen. Innholdet i et finansieringssystem må det jobbes med lokalt, og opp imot Regional- og næringsutvikling, Møre og Romsdal fylkeskommune samt Næringsdepartementet. For at pilotprosjektet skal kunne lykkes må det være et samarbeid mellom lokalt privat næringsliv, Volda kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Næringsdepartementet. Prosjektet «Å skape arbeidsplasser i Volda» vil være i tråd med regjeringens politikk som har fokus på bedriftsetablering og gründervirksomhet.

Pilotprosjektet må forankres lokalt, og vil trenge startmidler **kr. 400 000,- fordelt på to år**, iht vedtekter for Næringsfond i Volda kommune (Kraftfondet). **Ett 2 års prosjekt med oppstart 1.1.2019 t.o.m 31.12.2020.** Pilotprosjektet må utvikles helt fra starten uten noen form for oppskrift eller referanseprosjekt, hvor formålet er å øke sysselsettingen for kvinner og ungdom i Volda. Når pilotprosjektet er forankret i Volda kommune vil det gi muligheter for finansiering i andre støtteordninger for å fullfinansiere prosjektet.

Kontorfasiliteter har jeg i næringsbygget i Skårbygget. I 2019 vil det jobbes med innholdet i finansieringssystemet, og at det kan være klart for testing fra 1.1.2020. I kontorlokalet mitt vil jeg kunne ta imot enkeltpersoner og små grupper (4-5 personer inklusiv meg selv). I den kreative ideskapingsprosessen benytter jeg «The Business Model Canvas», og en strategisk SWOT-analyse som hjelpemiddel. Timingen med testing/opplæring vil passe fint med tidspunktet for når nye kommuner og fylker er på plass i forhold til nasjonale vedtak i Kommune- og Regionreformen.

Som jeg har nevnt tidligere i prosjektsøknaden stilles det krav til at den nasjonale, regionale og lokale politikken skal virke sammen i Regionreformen. Ting tar tid, og gründere/entreprenører har et krysspress mellom å skape nye ideer/arbeidsplasser samtidig som de skal tjene penger til driften. Da er det svært viktig at jeg som har erfaring fra en nylig etablering kan være med å påvirke til en endring, slik at det kan være mulig for andre kvinner og ungdom i Volda å skape seg en arbeidsplass. Uten starthjelp med finansiering, blir det ingen virksomhet.

Prosjektet kan sees som et pilotprosjekt som kan ha en overføringsverdi til hjelp for gründere også andre steder i landet. Jeg har stilt meg disponibel for å være forkjemper for dette prosjektet, og har hatt gleden av å være i dialog med Næringsminister Torbjørn Røe Isaksen. Regional- og næringsjef Bergljot Landstad og May Britt Roald, Hoppid i Møre og Romsdal fylkeskommune er også informert om mitt arbeid.

Jeg trenger en samarbeidspartner/diskusjonspartner i Volda kommune som har forvaltningsperspektivet, er dyktig i økonomistyring og har god kjennskap til det politiske systemet. Hvem vil være min samarbeidspartner/diskusjonspartner?

I min metode vil brikkene legges underveis i en stegvis prosess, og kan sees fra et helikopterperspektiv akkurat nå. Jeg kan på nåværende tidspunkt ikke navngi samarbeidspartnere/diskusjonspartnere. Men det jeg kan si noe om er hvor krevende det har vært og stått alene i 2017, som jeg heretter kaller pilotprosjekt, og at jeg i 2018 har jobbet politisk for å synliggjøre hvilke utfordringer nyetablerere har gjennom prosjektrapporten som jeg har utarbeidet «**Finansieringssystem som grunnlag for oppstart av en virksomhet**». Og at det var først hos daværende næringsminister Monica Mæland, og næringsminister Torbjørn Røe Isaksen at jeg ble hørt. Og at Forsknings- og innovasjonsavdelingen i Nærings- og fiskeridepartementet har tatt med seg prosjektrapporten min i sitt videre arbeid for å tilrettelegge for gründere i en oppstartsfasen. Kunnskapen min er drivkraften i arbeidet, men jeg må også tjene til livets opphold. Å drive næring betyr salg av varer og tjenester. Som nyetablerer/gründer må det læres å være proaktiv og løsningsfokusert for å overleve i markedet.

Det er verdt å nevne at å etablere en bedrift er krevende. Hardt arbeid og gode daglige rutiner over tid gir et godt grunnlag for suksess. Både høgskole, universitets- og yrkesfaglig bakgrunn kombinert med arbeidserfaring gir nye perspektiv og muligheter for den enkelte. Næring krever en annen tenkemåte, og konseptet mitt kan sees som et felles språk for å beskrive, visualisere, vurdere og å endre forretningsmodeller. Uten et felles språk kan det være vanskelig å lykkes med innovasjon. Mental trening og visualisering er metoder som kan fungere som verktøy i arbeidshverdagen. Dette er velkjente metoder som vi kjenner fra idrettsverdenen, og kan hjelpe oss i tankeprosessen frem mot viktige hendelser hvor det kreves resultater. Men vi kan ikke bare fokusere på å prestere, enkle øvelser fra eksempelvis mindfulness kan gi en bedre arbeidshverdag for enkeltmennesket. Det er viktig å påpeke at karriereveiledning underveis er en viktig del av konseptet, og kan sees som en naturlig prosess frem mot den enkeltes målsetting. I helhetsbildet bør nyetablerere, gründere også ha fokus på hvor viktig det er å passe helsen (søvn, hvile, kosthold, trim). Volda har mange aktører/ virksomheter som kan hjelpe de med helseperspektivet.

Budsjett: Søknad om midler kr. 400 000,- fordelt på to år, jf. vedtekter for Næringsfond i Volda kommune (Kraftfondet). Ett 2 års prosjekt med oppstart 1.1.2019 t.o.m 31.12.2020 hvor midlene forskudds utbetales (s. 3 beskrivelse av budsjett). Midlene benyttes til prosjektledelse.

Med vennlig hilsen

Annvor Ullaland

Budsjett

Prosjektledelse av innhold i et finansieringssystem og testing av pilotprosjekt

Søknad om midler	2019	2020	
Næringsfond i Volda kommune (Kraftfondet)	200 000,-	200 000,-	

- For at det skal være mulig å starte prosjektet, hvor formålet er å øke sysselsettingen for kvinner og ungdom i Volda må en prosjektleder stilling fullfinansieres.
- Prosjektleder har i tillegg utgifter til kontor. I kontorlokalet må jeg kunne ta imot enkeltpersoner og små grupper (4-5 personer inklusiv meg selv). Er i dialog om nytt kontor i Skårbygget som skal passe til formålet med prosjektet.
- Prosjektet må forankres lokalt i Volda kommune. En samarbeidspartner/diskusjonspartner i Volda kommune må på plass. Det er ønskelig at vedkommende har forvaltningsperspektivet, er dyktig i økonomistyring og har god kjennskap til det politiske systemet. Hvem vil være min samarbeidspartner/diskusjonspartner?
- Brikkene legges i en stegvis prosess frem mot nyåret, hvor målet er å fullfinansiere en prosjektlederstilling, slik at prosjektet kan starte fra 1.1.2019.
- Prosjektleder har ansvaret for å skrive statusrapporter underveis samt sluttrapport.
- Vedlagt er en utfyllende versjon av min CV.



NOTAT

Formannskapet

Sak: Økonomisk støtte og tilskot - samlesak

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2016/148	16244/2018	223	SVK/INGJOH	23.11.2018

VEDTAK I TENESTEUTVAL FOR OPPVEKST OG KULTUR 21.11.2018. SØKNAD FRÅ SYMFONIORKESTERET

Vedtak i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 21.11.2018 TOK har ikkje fleire kulturmidlar for 2018 å dele ut og sender søknaden tilbake til formannskapet.

Med helsing

Bente Kristin Krøvel
møtesekretær
kultur og service

Kopi:
Sonja Håvik

Handsaming:

Habilitet. Eiliv Halkjelsvik reiste spørsmål om habilitet. Han har interesser i bygget der konserten var. Jfr. Fvl. § 6, 1. ledd, a. Eiliv Halkjelsvik tok ikkje del i handsaming og røysting over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet: (5 røysteføre) Eiliv Halkjelsvik vart samrøystes kjend inhabil.

Søknad frå symfoniorkesteret – oversendt frå formannskapet.

TOK har ikkje fleire kulturmidlar for 2018 å dele ut og sender søknaden tilbake til formannskapet.

Røysting: Samrøystes vedteke å sende søknaden attende til formannskapet.



Servicekontoret

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/471	5380/2018	047	SVK/ SONHAV	18.04.2018

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - FORMANNSKAPET SIN
DISPOSISJONSPOST - RAMME TIL ORDFØRAR OG RUTINER FOR
HANDSAMING AV SØKNADER OM STØTTE UTANOM ETABLERTE
ORDNINGAR**

Vi melder med dette frå at formannskapet den 17.04.2018, hadde føre ovannemnde som sak PS 68/18, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Ordføraren får fullmakt til å nytte inntil kr 50 000 årleg til representasjon og marknadsføring.***

Retningsliner innanfor ramma:

I samband med representasjon kan ordførar gi gåver på inn til 5.000 kr. i kvar sak. Om det er behov for større gåver skal det godkjennast av formannskapet.

I samband med marknadsføring som er klart i samsvar med Volda kommune sine interesser kan ordførar gi støtte på inn til 5000 kr. i kvar sak. Større tiltak skal godkjennast av formannskapet.

- 2. Volda kommune har ikkje tilskotsordningar utover kulturmidlar og næringsfondet. For søknader som fell utanfor dette, kan kommunen velje å gi administrativt svar eller leggje søknaden fram for formannskapet. Ordførar sorterer slike saker i lag med administrasjonen, og saker som kan vere aktuelle blir lagt fram for formannskapet utan innstilling. Formannskapet vurderer om det vil setje saka på sakskartet for handsaming, om det skal skrivast sak eller om saka skal svarast på administrativt.***
- 3. Formannskapet kan forøvrig gi løyvingar frå fondet til formål som det finn formålstenleg.***

Administrasjonen assisterer ordførar og fører oversikt over løyvde beløp, samt rapporterer forbruk på formannskapet sin disposisjonspost i samband med månadleg budsjettkontroll.

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
førstekonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:
Inger-Johanne Johnsen – kultur- og servicesjef

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Inger-Johanne Johnsen

Arkivsak nr.: 2018/471

Arkivkode: 047

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

68/18

Formannskapet

17.04.2018

FORMANNSKAPET SIN DISPOSISJONSPOST - RAMME TIL ORDFØRAR OG RUTINER FOR HANDSAMING AV SØKNADER OM STØTTE UTANOM ETABLERTE ORDNINGAR

Handsaming:

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 17.04.2018

1. **Ordføraren får fullmakt til å nytte inntil kr 50 000 årleg til representasjon og marknadsføring.**

Retningslinjer innanfor ramma:

I samband med representasjon kan ordførar gi gåver på inn til 5.000 kr. i kvar sak. Om det er behov for større gåver skal det godkjennast av formannskapet.

I samband med marknadsføring som er klart i samsvar med Volda kommune sine interesser kan ordførar gi støtte på inn til 5000 kr. i kvar sak. Større tiltak skal godkjennast av formannskapet.

2. **Volda kommune har ikkje tilskotsordningar utover kulturmidlar og næringsfondet. For søknader som fell utanfor dette, kan kommunen velje å gi administrativt svar eller leggje søknaden fram for formannskapet. Ordførar sorterer slike saker i lag med administrasjonen, og saker som kan vere aktuelle blir lagt fram for formannskapet utan innstilling. Formannskapet vurderer om det vil setje saka på sakskartet for handsaming, om det skal skrivast sak eller om saka skal svarast på administrativt.**
3. **Formannskapet kan forøvrig gi løyvingar frå fondet til formål som det finn formålstenleg.**

Administrasjonen assisterer ordførar og fører oversikt over løyvde beløp, samt rapporterer forbruk på formannskapet sin disposisjonspost i samband med månadleg budsjettkontroll.

Administrasjonen si tilråding:

1. *Ordføraren får fullmakt til å nytte inntil kr 50 000 årleg til representasjon og marknadsføring.*

Retningsliner innanfor ramma:

I samband med representasjon kan ordførar gi gåver på inn til 5.000 kr. i kvar sak.

Om det er behov for større gåver skal det godkjennast av formannskapet.

I samband med marknadsføring som er klart i samsvar med Volda kommune sine interesser kan ordførar gi støtte på inn til 5000 kr. i kvar sak. Større tiltak skal godkjennast av formannskapet.

2. *Volda kommune har ikkje tilskotsordningar utover kulturmidlar og næringsfondet. For søknader som fell utanfor dette, kan kommunen velje å gi administrativt svar eller leggje søknaden fram for formannskapet. Ordførar sorterer slike saker i lag med administrasjonen, og saker som kan vere aktuelle blir lagt fram for formannskapet utan innstilling. Formannskapet vurderer om det vil setje saka på sakskartet for handsaming, om det skal skrivast sak eller om saka skal svarast på administrativt.*
3. *Formannskapet kan forøvrig gi løyvingar frå fondet til formål som det finn formålstenleg.*

Administrasjonen assisterer ordførar og fører oversikt over løyvde beløp, samt rapporterer forbruk på formannskapet sin disposisjonspost i samband med månadleg budsjettkontroll.

Saksopplysningar/fakta:

Årleg kjem det ein del førespurnader til ordførar om å delta eller stå for opning av ulike arrangement og om annonsestøtte til tidsskrift og aviser. Ordførar i Volda har pr i dag fullmakt til å gje gåver i representasjonsmessig samanheng på ein kostnad på maks 2500 kr. Denne summen har stått uendra sidan 1999 (F-sak 174/99), og det er derfor behov for å auke denne summen. Ordføraren har pr i dag ikkje ei tilsvarende økonomisk ramme til marknadsføring.

Det blir derfor foreslått at ordførar får fullmakt til å nytte inntil kr 50 000 årleg til representasjon og marknadsføring, med eit maksbeløp på inntil 5000 kr pr sak. Dersom det er snakk om større løyvingar, skal desse godkjennast av formannskapet.

Kvart år får Volda kommune søknader om tilskot som fell utanfor ordninga med tilskot frå næringsfondet og frå kulturmidlane. Fram til no har slike søknader fått avslag (administrativt) med grunngjeving i at det ikkje er sett av midlar til dette i budsjettet.

Det blir foreslått å gjere ei endring i rutina, slik at ordførar sorterer slike saker i lag med administrasjonen, og saker som kan vere aktuelle blir lagt fram for formannskapet utan innstilling. Formannskapet vurderer om det vil setje saka på sakskartet for handsaming, om det skal skrivast politisk sak eller om saka skal svarast på administrativt.

For saker der det ikkje er etablert ordning med tilskot, så ligg det heller ikkje føre rettar eller plikter, jfr forvaltningslova sine føresegner om enkeltvedtak etter forvaltningslova. For slike saker er det ikkje klagerett.

Denne saka er av ein slik karakter at ho ikkje vert vurdert etter i høve helse og miljø, samt kommuneplanen.

Økonomiske konsekvensar:

Formannskapet sin disposisjonspost vert redusert tilsvarende dei beløpa som blir løyvd. Det vil verte ført oversikt over løyvde beløp og rapportert om dette i samband med månadsrapporteringa.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Nei

Vurdering og konklusjon:

Det er behov for å auke rammene for dei midlane ordførar kan nytte til representasjon og marknadsføring, og å få etablert ei ordning for søknader om støtte som fell utanom dei etablerte ordningane.

Rune Sjugard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Servicekontoret

Rovde grendalag v/ Rolf Dyb, leiar
Lauvstad og Velsvik grendautval v/ Arne O. Torvik, leiar
Innselset og Dravlausbygda grendalag v/Jorunn Beate Lillebø Lande, leiar

Dalsfjord, 25.11.2018

Møre og Romsdal fylkeskommune (MRFK)
Samferdselssjef Arild Fuglseth
Samferdselsutvalet (SU) v/ leiar Kristin Sørheim

OPPFØLGJING – FOLKEMØTE PÅ LAUVSTAD 13.11.2018:
**LOVNADAR OM Å GÅ NED EI TAKSTSONE FOR SAMBANDET VOLDA-
LAUVSTAD SOM FØLGJE AV AVSTANDSMÅLING**

Viser til folkemøte på Lauvstad 13.11.2018 der tema var takstauken med to takstsoner som er innført på bruttosamband i fylket frå 1.1.2018. Mot slutten av møtet kom ein innom det forholdet at sambandet Volda-Lauvstad i lengre tid har vore i for høg takstzone i forhold til avstanden ferjestrekninga faktisk har. Fylkesordførar gav klare lovnadar om at feilen skulle rettast opp.

Det vert også vist til tidlegare korrespondanse i saka. Kun dei siste breva er teke med her:

- Brev frå samferdselssjefen til grendalaga datert 23.10.2018
- Presisering frå grendalaga, datert 29.10.2018.

Så vidt vi forstår har sambandet vore i takstzone 8 sidan Norled overtok anbodet i 2009. Sambandet er kontrollmålt i 2018 av ferja Ørland på oppdrag frå Statens vegvesen, målinga synte at sambandet har ei lengde på under 7 km. Med visning til riksregulativet skal då sambandet vere i takstzone 7 i høve avstandsmåling.

Fylkespolitikarane, med fylkesordførar i spissen, var tydeleg på at dersom fastsetting av takstsoner er basert på feil faktagrunnlag skulle feilen rettast opp snarast.

Grendalaga etterlyser effektivering av lovnadane som er gjort. Vi minner om at det er bedre tidsramme for denne justeringa enn den som Fylkestinget bestemte den 13.12.17, og effektuerte alt den 1.1.2018. På bakgrunn av fakta og dei lovnadane som er gitt i folkemøte med innbyggjarane tilstades forventar vi at sambandet frå nyttår vert justert ned til rett takstzone samt at fylkeskommunen ser nærare på dei to ekstra takstsonene som vart lagt til frå 1.1.2018. I denne samanheng må ein også ta med at for sambandet Volda-Lauvstad har det vore urettmessig høg billettpris i snart 9 år.

Med venleg helsing

- Rovde Grendalag v/ Rolf Dyb (leiar)
- Lauvstad og Velsvik grendautval v/Arne Torvik (leiar)
- Dravlaus -og Innselsetbygda grendalag v/ Jorunn Beate Lillebø Lande (leiar)

Kopi sendt til: Vanylven kommune, Volda kommune, Synste Møre, Møre, Møre-Nytt, Sunnmørsposten, NRK Møre og Romsdal,



VOLDA KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJON

Stormyra 2
6100 VOLDA

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr</i>	<i>Dato</i>
2017/120	15282/2018	15.11.2018

MELDING OM VEDTAK

**VOLDATUNNELEN PÅ E39, FINANSIERING, UTTALE FRÅ ULSTEIN
KOMMUNE**

De får med dette melding om at det er gjort følgjande vedtak Ulstein formannskap den 13.11.2018, sak PS 18/104 :

1. Ulstein kommune støttar gjennomføring av Voldatunnelen på E39 for å avlaste trafikken gjennom Volda sentrum med ei effektiv og trafikktrygg tunnelloysing.
2. Det må arbeidast for ei større statleg finansiering enn dei 600 mill. kr som er tilrådd i gjeldande NTP 2018 – 2029.
3. Ulstein kommune har ikkje merknader til plassering av bomstasjon på strekninga Furene mot Volda og Furene mot ny tunnel.
4. Ulstein kommune går imot at det vert kravd bompengar på strekninga frå Furene mot Ørsta både fordi det vil ha negativ verknad for bruken av Ørsta/Volda lufthamn Hovden, og fordi det vil kunne ha negativ verknad for pendling mellom Ulstein og Ørsta noko som vil svekke den felles bu- og arbeidsmarknaden.
5. Ulstein kommune meiner at finansiering og gjennomføring av E39 Voldatunnelen må vere skilt ifrå ein felles «samferdslepakke» for Volda og Ørsta.

∑ Samla saksframstilling ligg ved.

Med helsing

Arne Runar Vik
kommunalsjef teknisk

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

1 Voldatunnelen på E39, finansiering, uttale frå Ulstein kommune

Kopi til:
NTL VEG REGION MIDT-4504
v/ Statens vegvesen Statens hus



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Arne Runar Vik

Arkivsak: 2017/120

Løpenr.: 14747/2018

Utvalsaksnr.

Utval

Møtedato

Ulstein formannskap

VOLDATUNNELEN PÅ E39, FINANSIERING, UTTALE FRÅ ULSTEIN KOMMUNE

Saka gjeld:

Trafikken gjennom Volda sentrum er planlagt avlasta med ny tunnel frå Furene til området sør for Volda sjukehus med påkopling til eksisterande vegnett i rundkøyringa ved Høgskulen i Volda. Finansieringa skal delvis vere med bompengar. Administrasjonen tilrår at bomsnittet blir på armen i rundkøyringa i Furene mot Volda og i arm mot ny tunnel.

Tilråding frå rådmannen:

1. Ulstein kommune støttar gjennomføring av Voldatunnelen på E39 for å avlaste trafikken gjennom Volda sentrum med ei effektiv og trafikktrygg tunnelloysing.
2. Det må arbeidast for ei større statleg finansiering enn dei 600 mill. kr som er tilrådd i gjeldande NTP 2018 – 2029.
3. Ulstein kommune har ikkje merknader til plassering av bomstasjon på strekninga Furene mot Volda og Furene mot ny tunnel.
4. Ulstein kommune går imot at det vert kravd bompengar på strekninga frå Furene mot Ørsta både fordi det vil ha negativ verknad for bruken av Ørsta/Volda lufthamn Hovden, og fordi det vil kunne ha negativ verknad for pendling mellom Ulstein og Ørsta noko som vil svekke den felles bu- og arbeidsmarknaden.
5. Ulstein kommune meiner at finansiering og gjennomføring av E39 Voldatunnelen må vere skilt ifrå ein felles «samferdslepakke» for Volda og Ørsta.

Saksfakta:

I NTP 2018 – 2029 er Voldatunnelen prioritert. Finansieringa er ein kombinasjon mellom statlege midlar og bompengar. Der er ulike modellar for bompengeneinnkreving og kombinasjonar mot ein såkalla samferdselpakke for Volda og Ørsta.

Volda kommune vedtok reguleringsplan for E39 Voldatunnelen 31.05.2018 i sak PS 69/18. I planomtalen 2.7: finn ein følgjande formulering: *«Trafikkberekningar viser at årsdøgntrafikken i tunnelen vil vere omlag 9000 i år 2041, dette gjer at det er planlagt tunnelklasse D med to separate tunnellop.»*

Ei endring til tunnelklasse D med to separate løp medfører auka prosjektkostnad. I planomtalen framgår dette slik: *«E39 Volda-Furene ligg inne i Nasjonal transportplan (NTP) med 900 mill. kroner i siste halvdel av perioden 2018-2029. I NTP er kostnaden basert på kommunedelplan (+25 %) med eitt tunnellop, der andelen statlege midlar er 600 mill. kroner. I prioriteringa er det føresett at det vert tilslutning om delvis bompengefinansiert utbygging av prosjektet. Nye trafikktalet har medført behov for å regulere for to tunnellop. Utbygging som vist i reguleringsplanen vil ha ein kostnad på 1815 mill. kroner ut frå kostnadsanslag i Statens vegvesen med ei detaljering på +-10 %. Eit eventuelt første byggetrinn der ein legg eitt tunnellop til grunn, er kostnadsrekna til 1142 mill. kroner (+-10 %).»*

Dersom ikkje staten stiller med økonomiske midlar, vil altså ei endring til tunnelklasse D medføre ei auke i brukarbetalinga utover dei 300 mill. kr som alt ligg inne i NTP som ein føresetnad.

Vurderingar og konklusjon:

Det er naturleg at Voldatunnelen får prioritet som utbyggingsprosjekt på E39.

Ulstein kommune sine vurderingar er at dette prosjektet bør løysast utan å trekke inn andre samferdselsutfordringar i Volda og Ørsta. Av den grunn bør difor Ulstein kommune oppmode kommunane Volda og Ørsta om å skilje ut finansiering og gjennomføring av E39 Voldatunnelen frå ein felles samferdselspakke for Volda og Ørsta. Det må prioriterast samordna innsats for eit større statleg bidrag til E39 Voldatunnelen enn dei 600 mill. kr som er tilrådd i gjeldande NTP 2018-2029.

Når det gjeld snitt for innkrevjing av bompengar, er det naturleg at dette skjer på den strekning som blir avlasta, dvs. frå Furene mot Volda – ikkje mot Ørsta, og naturlegvis frå Furene mot den nye tunnelen. Bompengeneinnkreving mot Ørsta vil gje negativ verknad for trafikken og bruken av flyplassen på Hovden, og også svekke den felles arbeidsmarknaden mellom Ulstein og Ørsta, jf. at der i 2017 var 245 dagpendlarar mellom desse kommunane (kjelde: Fylkesstatistikken for Møre og Romsdal).

Det vert elles vist til uttalanane frå dei ulike næringslaga i regionen, jf. vedlegga.

Folkehelse- og miljøkonsekvensar: Tunnel vil gje betra trafikktryggleik og kortare køyrestrekning i høve dagens E39-trasé. Dette er positivt både mtp. folkehelse og miljø.
Økonomiske konsekvensar: Sjå det som går fram av saka over.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen særskilde utover det at tryggleik mot brann og ulukker i tunnel må gjevast prioritet.

Lenke til meir informasjon:

Vedlegg:

- 1 Orientering om prosjekt og finansiering
- 3 Uttale frå næringslaga i Ørsta, Herøy, Stryn og MAFOSS
- 4 E-39 Voldatunellen innspel Hareid Næringsforum
- 5 Sande kommune - Uttale om E39 finansiering av Voldatunnelen
- 5 Uttale Volda Næringsforum og Hornindal Næringslag

Einar Vik Arset
rådmann

Arne Runar Vik
kommunalsjef teknisk

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.